



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/324 - 17/2340

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

07.02.2017

Søknad om bygging av snuplass/snuhammar på Gbnr. 43/25 Ryland i Meland kommune

Tiltak: Bygging av snuplass/snuhammar
Gbnr: 43/25
Kommune: 1256 Meland
Frist for uttale: 28.02.2017

Meland kommune har motteke søknad frå Arvid Ragnar Ryland om å få byggja ein snuplass/snuhammar for tømmerbil på Gbnr.43/25 på Ryland. Det vert søkt om å få byggja ein snuplass/snuhammar i samband med planlagt uttak av skog på eigedommen. Snuplass/snuhammar er planlagt for å kunne laste og snu tømmerbilen.

Bygging av snuplass vil vere eit svært viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området. Området ligg i eit eldre jordbruksareal i gjengroing. For å kunne få inn maskiner og tømmerbilen er det trong for ein snuplass for å kunne få skogen ut på ein kostnadseffektiv og god måte. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket er bygging av velteplasser som tar fulle vogntoglengder eit viktig tiltak for å redusera driftsutgifter. På den aktuelle eigedommen er det anslått eit volum på om lag 550 m3 med hogstmoden gran. Velteplassen vil kunne bli nytta ved framtidige driftar på eigedommen. Det er nokre vindfall i skogen etter orkanen Nina, og det er no trong for at skogen takast ut. For å kunne lasta tømmer sikkert og for at tømmerbilen skal ha ein god moglegheit for å snu, er det viktig at ein kan leggja snuplass på eigedommen.

Søkjar har godkjent avkøyring ned til eigedommen frå fylkesvegen. Veggen har to andre interessentar og desse vert nabovarsla i samband med søknadsprosessen. Snuplassen ligg innafor nedslagsfeltet til Rylandsvassdraget, men om lag 150 meter frå vassdraget. Det er lite truleg at tiltaket vert synleg frå vatnet.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap. 3, vedtak og villkår mv § 3- 1, skal kommunen før eit vedtak fattast innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før saka

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

vert handsama. Saka vert sendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Søknadsskjema og kart over tiltaket er lagt ved

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad og kart Gbnr. 43-25

Kopi til:

Arvid Ragnar Ryland	Roslandsvegen 1265	5917	ROSSLAND
---------------------	-----------------------	------	----------

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland		5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune v/ kultur- og idrettsavdelinga Meland kommune v/kulturavdelinga		5020	BERGEN